



Ein av dei fem turane går over Såto til Englafjell.

Den nye turkatalogen Ta turen 2018 frå Kvinnherad Turlag syner at heile 5 turar er lagt til fjella i Uskedalen. Det er eit utvida tuilbod i høve til det som har vore før. Det einaste vi saknar er Barnas Turlag med aktivitetar ved Fjellansbøvatnet. Kvinnherad Turlag med sin leiar Kjell Yri inviterer til stor markering torsdag 8. november. Då er turlaget 20 år.

I turprogrammet finn vi oversikt over alle turane med dato, frammøteplass, turleiar, pris, vanskegrad og turskildring. Turane er delte inn i grupper slik: Hovudturar, kajakk, fjellsportgruppa, barnas turlag og seniorgruppa.

Dei fem turane i Uskedalen er plassert slik:

- 08. april: Skitur til Ulvanoso
- 29. juni: Tur til Geitadalstind, Ulvanoso - Festidalen
- 30. juni: Tur på Englafjell i sol - Festidalen
- 05. aug: Tur til Høgetinden, Ulvanoso
- 19. sept. Tur til Mannsvatn og Vatnastøl

Mange av turane har krav om påmelding før turen startar. Dette kan gjerast på nettsida til Kvinnherad Turlag som du finn på kvinnherad.dnt.no

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Mannsvatn og Vatnastøl er eit fint turmål.